

Europaparlamentet: Sassoli ny president – komitémedlemmane klare

4. juli 2019

- *David-Maria Sassoli (S&D, Italia) vart i går vald til president i Europaparlamentet med eit relativt knapt fleirtal*
- *Europaparlamentet skal røyste over kandidaturet til Ursula von der Leyen som kommisjonspresident under sesjonen 15. – 18. juli. Trass motstand tipper dei fleste at ho blir vald.*
- *Det er 7 politiske grupper i det nye Europaparlamentet og justeringar i storleiken på dei 20 komiteane.*
- *Samansetninga av komiteane er nå klar. Komiteane vil konstituere seg neste veke i Brussel. Sentrumsgruppene har varsla at ytre høgre-gruppa Identitet og Demokrati vil bli blokkert frå å få leiarverv.*
- *EPP-gruppa ser ut til å få leiarvervet i delegasjonen med ansvar for EØS, Sveits og Arktis.*

Europaparlamentet valde i går italienske [David-Maria Sassoli](#) (den sosialdemokratiske gruppa, S&D) som president i Europaparlamentet for ein periode på to og eit halvt år. Han vart vald etter 2 valomgangar med hemmelege avrøystingar og fekk 345 og røyster av 670 gyldige røyster i den omgangen. Han fekk dermed absolutt fleirtal blant dei røystene som var gyldige (og ikkje blanke), men ikkje røystene til eit fleirtal av dei i alt 748 MEP (tre seter med valde katalanske MEP står tomme). Når Europaparlamentet seinare i juli skal røyste over kandidaturet til Ursula von der Leyen som kommisjonspresident, må ho oppnå 375 røyster for å bli vald.

Sassoli er 63 år, har vore medlem av Europaparlamentet sidan 2009 og var ein av 14 visepresidentar i førre periode. Trass lang fartstid i Europaparlamentet er han likevel relativt ukjent og mange måtte google han da kandidaturet var klart tysdag. Sassoli har bakgrunn som avis- og seinare fjernsynsjournalist. Det var i alt fire kandidatar til vervet, men i lys av semja på toppmøtet i tysdag stilte korkje sentrum høgre (EPP) eller den liberale gruppa (Renew Europe, RE) kandidatar. I siste runde fekk Jan Zahradil (den konservative gruppa ECR, Tsjekkia) 169 røyster, Ska Keller (Dei grøne, Tyskland) 131 røyster og Sira Rego (ytte venstre-gruppa GUE/NGL, Spania) 43 røyster.

I ein tale etter valet sa Sassoli at EU må finne tilbake til dei grunnleggjande verdiane som det europeiske prosjektet byggjer på. Det omfattar å byggje vidare på det som sameiner og ikkje dyrke konflikhtar. EU må svare på utfordringane som innbyggjarane opplev. Dette omfattar klima, migrasjon og økonomisk ulikskap. EU må også sørge for regional utjamning og sikre ytringsfridom og at alle har like rettar og moglegheiter. EU er bygd på institusjonar. Jamvel om dei ikkje er perfekte må dei forsvarast og vidareutviklast. Europaparlamentet har ei sentral rolle her.

Dei fleste gruppeleiarane gratulerte Sassoli og såg fram til samarbeidet. Fleire var likevel opptatt av at han må forsvare Europaparlamentet som institusjon. Det vart understreka at viktige avgjerder ikkje må tas på bakrommet, men på ein open måte som gjev fullt innsyn.

Europaparlamentet valde også [14 visepresidentar i går](#). Både Mairead McGuinness (EPP, Irland), Heidi Hautala (Dei grøne, Finland) vart attvalde som visepresidentar. Otmar Karas (EPP, Austerrike) som har vore visepresident tidlegare, vart også vald til visepresident.

Vala i Europaparlamentet skjedde ein dag seinare enn planlagt for å gje EUs stats- og regjeringssjefar tid til å forhandle vidare om eit kompromiss for fordelinga av dei andre

toppverva i EU. Eit kompromiss tysdag medfører som kjent at [medlemslanda](#) ynskjer Urusla von der Leyen (tysk, EPP) som kommisjonspresident, Charles Michel (RE, Belgia) som Rådsresident, Josep Borrell (S&D, Spania) som høgrepresentant for utanrikssaker og Christine Lagarde (EPP, Frankrike) som president for den europeiske sentralbanken. Medan Michel vart formelt valt tysdag, må dei tre andre gjennom ulike godkjenningssprossar. Europaparlamentet skal etter planen votere over von der Leyen i sin sesjon 15. – 18. juli. Ho må altså oppnå minst 375 røyster for å bli vald. Borrell må som alle kommissærkandidatar gjennom ei høyring i Europaparlamentet før Europaparlamentet voterer over heile kommisjonskollegiet. Det skjer truleg i oktober.

Semja på toppmøtet medfører at Europaparlamentet ikkje ser ut til å få gjennomslag kravet om at berre ein som stilte som toppkandidat for ei partigruppe i valet til Europaparlamentetsvalet, skal bli kommisjonspresident. Ordlyden i traktaten seier at Rådet skal «*ta omsyn til valresultatet*» når det nominerer ein kandidat. Med ein kandidat frå EPP (som er den største gruppa også i det nye Parlamentet), kan Rådet hevde at det følger traktaten. Mange i EP uttrykte i går misnøye både med at medlemslanda ikkje peikte på ein toppkandidat, men også til von der Leyen som kandidat. Internt i Tyskland var både sosialdemokratane (SPD) og dei bayerske kristendemokratane (CSU) i mot dette kandidaturet. Koalisjonspartnar Angela Merkel let derfor vere å røyste for partifellen i Rådet. Ingen land røysta mot kandidaturet. Von der Leyen var alt onsdag på plass i Strasbourg for å møte ulike MEP og ho lova mellom anna å arbeide for å styrke toppkandidatsystemet fram mot neste val.

Det er mange omsyn som skal tas i leiarkabalen. Kommisjonen og sentralbanken ser nå ut til å få sine fyrste kvinnelege leiarar. Mange meiner det skjer på overtid. Samstundes ser ingen toppjobbar ut til å gå til land i Sentral- eller Aust-Europa eller til Nordisk-Baltiske land. Desse landa må nøye seg med at danske Margrethe Vestager og slovakiske Maroš Šefčovič saman med mellom anna Frans Timmermans blir visepresidentar i Kommisjonen. Dei såkalla Visgardlanda (Polen, Slovakia, Tsjekkia og Ungarn) brukte mykje forhandlingskapital for å blokkere for bl.a. Timmermans og skal vere godt nøgde med von der Leyen, men klarte ikkje å sikre nokon av toppjobbane til eigne politikarar. Toppmøtet gjekk (uformelt) inn for den bulgarske sosialdemokraten Sergei Stanishev som parlamentspresident, men han vart ikkje nominert av gruppa si i Europaparlamentet.


Internt i EPP skal det vere fleire som meiner deira toppkandidat Manfred Weber (Tyskland) burde trekt seg tidlegare. Den tyske fraksjonen er den største nasjonale fraksjonen i EPP. I forsøk på å sikre posten som kommisjonspresident, meiner partikollegaer at Weber let andre partigrupper og EPP-fraksjonar frå andre land, få for mange posisjonar. Det har skapt misnøye internt i den tyske fraksjonen. Også i S&D var det misnøye med prosessen knytt til toppleiarjobbane og Sassoli som kandidat til parlamentspresident. Enkelt frå S&D røysta derfor visstnok på Ska Keller som parlamentspresident.

61 prosent nye MEP – 7 politiske grupper i det nye Europaparlamentet

Oversikta over medlemmane i Europaparlamentet 2019-2024 er nå klar på

[Europaparlamentets heimeside](#). 61 prosent er nyvalde medlemmer og kvinndelen er nå 40 prosent, opp frå 37 prosent i førre mandatperiode.

Ved starten av ny periode er det [7 registrerte politiske grupper](#) i Europaparlamentet:



Political group	Chair or co-chairs	Number of members
Group of the European People's Party (EPP)	Manfred Weber (Germany). This is his fourth term as an MEP. He has been chairing the group since 2014.	182
Group of the Progressive Alliance of Socialists and Democrats in the European Parliament (S&D)	Iratxe García (Spain). MEP since 2004.	154
Renew Europe group	Dacian Cioloș (Romania). This is his first term as MEP. He was agricultural commissioner in 2010-2014 and is a former prime minister.	108
Group of the Greens/European Free Alliance (Greens/EFA)	Ska Keller (Germany) and Philippe Lamberts (Belgium). Keller has been an MEP since 2009 and became co-president of the group in 2016. Lamberts became an MEP in 2009 and co-president in 2014.	74
Identity and Democracy (ID)	Marco Zanni (Italy). MEP since 2014.	73
European Conservatives and Reformists (ECR)	Ryszard Legutko (Poland) and Raffaele Fitto (Italy). Legutko, an MEP since 2009, became co-chair in 2017. Fitto served as an MEP in 1999-2000 and again since 2014.	62
Confederal Group of the European United Left - Nordic Green Left (GUE/NGL)	Martin Schirdewan (Germany) is the acting president until the group votes on a new chair. MEP since 2017.	41

Informasjon om gruppene frå Europaparlamentets heimeside

Komitear og delegasjonar snart klare

[Samansetninga av dei 20 faste komiteane er nå klar](#) og Europaparlamentet vedtok også visse endringar [storleiken på komiteane](#). For fyrste gong blir utanrikskomiteen (AFET) ikkje den største komiteen. Medan AFET får 71 medlemer, blir både industri-, energi- og forskingskomiteen (ITRE) og miljø-, helse- og matsikkerheitskomiteen (ENVI) med 76 og 72 medlemmer større.

Komiteane vil konstituere seg i Brussel neste veke. Da vil det også bli endeleg klart kven som får verv som leiar og nestleiarar i dei ulike komiteane sjølv om det har vore mange lekkasjar allereie. Tyske David McAllister (EPP) ser ut til å fortsette som leiar av AFET og landsmannen Bernd Lange (S&D) som leiar av utanrikshandelskomiteen (INTA) sjølv om det krev at han må trekke seg frå vervet som nestleiar i partigruppa. Indre marknads- og forbrukarvernkomiteen (IMCO) vil bli leia av belgiske Petra De Sutter (Dei grøne). Rumenske Adina-Ioana Vălean (EPP) vil leie ITRE og franske Pascal Canfin (Dei grøne) ENVI-komiteen. Det er ingen nordiske MEP blant dei komitéleiarane som er klare.

Sentrumsgruppene i Europaparlamentet har varsla at dei vil blokkere medlemmar av ytre høgre-gruppa Identitet og demokrati (ID) frå å få verv i komiteane. Gruppeleiaren for ID sa i sin tale til den nyvalde parlamentspresidenten at dette vil vere udemokratisk og bad Sassoli bidra til at dette ikkje skjedde. Rett etterpå var det ingen ID-medlemmar som vart valde til visepresidentar.

Også fordelinga av medlemmer til delegasjonane og leiarverva i delegasjonane er langt på veg klar. Delegasjonen med ansvar for EØS-landa, Sveits og Arktis får visstnok ein leiar frå EPP-gruppa, men det er ikkje kjend kven det blir.

Kommentar

I det nye Europaparlamentet har ikkje EPP og S&D reint fleirtal og dei må byggje alliansar med andre grupper for å sikre fleirtal. Samstundes er sentrum (desse to partia saman med RE og Dei grøne) omtrent like stort som i førre periode. Før valet snakka mange om behovet for fornying. Med unnatak av Michel kjem alle dei fem som ser ut til å få toppjobbane frå store og gamle EU-land og alle – igjen med unnatak av Michel – er over 60 år. Spesielt landa i Aust- og Sentral-Europa er dårleg representert. Den grøne gruppe har ikkje fått nokon av toppjobbane. Med ei større gruppe og auka generelt fokus på klima- og energisaker også i andre partigrupper, er det likevel grunn til å tru at dei vil bidra til høgare ambisjonar på dette området i EU. At ITRE- og ENVI-komiteane har fått auke storleik reflekterer også dette.

Dersom Europaparlamentet skulle avvise von der Leyen, vil EU måtte bruke enda fleire veker og månader på leiarkabal i staden for politiske saker. Dette ynskjer truleg ikkje Europaparlamentet og dei fleste tippar derfor at ho vil få eit tilstrekkeleg fleirtal seinare i juli. Samla sett har uansett medlemslanda i Rådet styrka seg i høve til Europaparlamentet gjennom å avvise toppkandidatsystemet. Derfor spår ein del at Europaparlamentet vil markere styrke i samband med høyringane av nye kommissærar i haust. Dei siste gongene har Europaparlamentet alltid avvist ein eller to kandidatar. Kanskje blir det fleire i haust – også fordi regjeringane i land som Italia, Polen, Romania og Ungarn kan komme til å nominere kandidatar som er i utakt med fleirtalet i Europaparlamentet.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no